

OFFENTLEG MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger, Fylkeshuset - møterom Sygna
Møtedato	22.06.2016
Kl.	12:50 – 16:40

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Forfall til møtet:

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Merete H. Nornes

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Munnlege orienteringar:

1 Innovasjon Norge AS: Fylkesordføraren orienterte om styret for Innovasjon Norge - Sogn og Fjordane sitt vedtak i møte 06.06.16, sak 48/16; «Regional forankring av Innovasjon Norges virksomhet – orientering om status og vidare prosess». Fylkesutvalet støtta styret sitt vedtak.

2 Sogn og Fjordane Energi AS: Fylkesordføraren orienterte frå generalforsamlinga og eigarmøte i selskapet 16.06.16. Orienteringa vart gitt ut frå dokument arkivert i ESA 15/8902-84. Fylkesutvalet vedtok at orienteringa skulle skje bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23, nr. 4.

3 Fjord1 AS: Fylkesutvalet vedtok at orienteringa og drøftingane skulle skje bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 2.

SAK 61/16 Fornya konsesjon på Sogndal lufthamn, fråsegn

VEDTAK:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane tilrår at Avinor AS får fornya konsesjon til å eige og drive Sogndal lufthamn, Haukåsen, slik det er søkt om.

SAK 62/16 Søknad om fornya konsesjon for å drive Florø lufthamn, fråsegn

Hovudutvalet for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet tilrår at Avinor AS får fornya konsesjon til å eige og drive Flora Lufthamn slik det er søkt om. Hovudutvalet for samferdsle oppmodar Avinor og Flora Kommune om å gå i dialog for å få til støyavgrensande tiltak for helikoptertrafikk til og frå sokkelen.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet fremja framlegget frå fylkesrådmannen til hovudutvalet for samferdsle:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane tilrår at Avinor AS får fornya konsesjon til å eige og drive Flora lufthamn, slik det er søkt om.

Avrøysting:

Endringsframlegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane tilrår at Avinor AS får fornya konsesjon til å eige og drive Flora lufthamn, slik det er søkt om.

SAK 63/16 Fornya konsesjon på Førde lufthamn, Bringeland, fråsegn

VEDTAK:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane tilrår at Avinor AS får fornya konsesjon til å eige og drive Førde lufthamn, Bringeland, slik det er søkt om.

SAK 64/16 Planprogram til Regional transportplan 2018 - 2027, godkjenning

Hovudutvalet for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet godkjenner framlegget til planprogram for Regional transportplan 2018 – 2027 (vedlegg 1) med dei endringar som er viste i punkt 4 (Konklusjon) i saksframstillinga. Planprogrammet skal leggast til grunn for det vidare arbeidet med transportplanen.

Fylkesutvalet legg til grunn at pkt. 3.6.8 om alternativ finansiering også omfattar brukarfinansiering.

Næringslivet er sentralt for å påverke transporttetterspurnad. RTP skal gi eit oversyn over næringsutviklinga i fylket, vurdere framtidige scenario og verdiskapingspotensialet i utbygging av samferdsle.

Det vidare planarbeidet skal omfatte gjennomgang og systematisering av begrepsbruken om klima og miljø.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet gjorde framlegg om slik tilleggssetning i konklusjon om utvida utgreiing i kap. 3.6.1:

Ein skal vidare sjå på kystkommunane sitt potensiale for m.a. utvida BAS-områder ved ei realisering av kystvegen.

Avrøysting:

Tilrådinga frå hovudutvalet for samferdsle og endringsframlegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet godkjenner framlegget til planprogram for Regional transportplan 2018 – 2027 (vedlegg 1) med dei endringar som er viste i punkt 4 (Konklusjon) i saksframstillinga og med slik tilleggssetning i konklusjon om utvida utgreiing i kap. 3.6.1: Ein skal vidare sjå på kystkommunane sitt potensiale for m.a. utvida BAS-område ved ei realisering av kystvegen.

Planprogrammet skal leggast til grunn for det vidare arbeidet med transportplanen.

Fylkesutvalet legg til grunn at pkt. 3.6.8 om alternativ finansiering også omfattar brukarfinansiering.

Næringslivet er sentralt for å påverke transporttetterspurnad. RTP skal gi eit oversyn over næringsutviklinga i fylket, vurdere framtidige scenario og verdiskapingspotensialet i utbygging av samferdsle.

Det vidare planarbeidet skal omfatte gjennomgang og systematisering av begrepsbruken om klima og miljø.

SAK 65/16 Strategisk plan for kysten 2017 – 2025 - offentlig høyring av planprogram

VEDTAK:

1. Planprogram for strategisk plan for kysten 2017-2025 vert lagt ut på offentlig høyring fram til 15. september 2016, med heimel i Plan- og bygningslova § 8-3.
2. Gjennomføringa av planarbeidet føreset at kommunane vert samde om ei finansiering innafor dei rammene som ligg i saka.

SAK 66/16 Avgrensa rullering av Fylkesdelplan arealbruk - høyring av retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesentra

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Med heimel i Plan- og bygningslova § 8-3 og i samsvar med forskrift om rikspolitiske retningslinjer for kjøpesentra (FOR-2008-06-27-742), vert «Retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesentra» lagt ut på offentlig høyring fram til 14. september 2016.
2. Høyringsutkastet til retningslinjer skal i heilskap erstatte kapittel 3.2.4 i gjeldande sjekkliste for fylkesdelplan for arealbruk, vedtatt 18. oktober 2000.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet gjorde framlegg om at retningslinjer, jf. vedlegg 3, «Framlegg til nye Retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesentra som grunnlag for konsekvensutgreiing», skal nyttast i konsekvensutgreiinga.

Avrøysting:

Sigurd Reksnes og Aleksander Øren Heen røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen. Jenny Følling, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas, Trude Brosvik, Gunhild Berge Stang og Bjørn Erik Hollevik røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 8-3 vert «Retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesentra», slik dei er utforma i vedlegg 3 til saksframlegget, lagt ut på offentlig høyring fram til 14. september 2016.
2. Høyringsutkastet til retningslinjer skal i heilskap erstatte kapittel 3.2.4 i gjeldande sjekkliste for fylkesdelplan for arealbruk, vedtatt 18. oktober 2000.

SAK 67/16 Klimasatssøknad frå Bygg- og eigedomstenesta

VEDTAK:

Fylkesutvalet sluttar seg til at det vert søkt om tilskot til:

1. Forprosjekt for utgreiing av klimagassreducerande tiltak ved Fylkeshuset i Leikanger
2. Forprosjekt for utgreiing av klimagassreducerande tiltak ved Mo og Øyrane vidaregåande skule, avdeling Mo.

SAK 68/16 Skriv og meldingar fylkesutvalet 22. juni 2016

VEDTAK:

1: Fylkeskommunal eigarutøving 2015/2016

Vedtak: Styremedlemene i Sogn og Fjordane Holding AS held fram inntil vidare.

2: Utvikling av den fylkeskommunale bygningsmassen i Førde

3: Musea i Sogn og Fjordane - Fellesmagasin i Movika

4: Utleige av lokale ved Dale vgs - Svar til Åshild Kjelsnes

5: Utviklingsprosjekt og driftsmodellar innan IKT - Svar til Hilmar Høl

6: Fråsegn frå Nordfjordrederet - Fleire statlege arbeidsplassar til Nordfjord

7: Fleire søkere – 12 søknader om tillatelse til bygging av småkraftverk i Askvoll, Førde og Naustdal kommune i Sogn og Fjordane – orientering om NVEs vedtak

8: Fleire søkere – Søknader om tillatelse til å bygge fire småkraftverk i Eid og Bremanger kommuner i Sogn og Fjordane – orientering om NVEs vedtak

9: Nærpolitireforma – Involvering av kommunane i Vest Politidistrikt

Vedtak: Fylkeskommunen si eventuelle deltaking i styringsgruppa bør skje gjennom vår representant i styret for KS Sogn og Fjordane.
